



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Pawel Sniecikowski, 51 56 87 47

Tildeling av skjønnstilskot til utvikling og innovasjon 2026

Statsforvaltaren i Rogaland syner til brevet den 26. august i år, der vi inviterte kommunane i Rogaland til å søkja om skjønnstilskot til innovasjon og utvikling for 2026. Statsforvaltaren har motteke 38 prosjektsøknader frå 13 kommunar. Statsforvaltaren har no fordelt 18 millionar kroner til 17 prosjekt. Tildelinga er gjort i samråd med interne fagavdelingar og Statsforvaltaren sitt ungdomspanel. KS Rogaland har i forkant av fordelinga gitt sine føringar. Her er ei prosjekttvis fordeling:

Prosjektnummer	Prosjektnamn	Kommune	Tildelt i kroner
11-25-0049	Utrede moglegheiter for kadaverhandtering ved Svaatheia avfall A/S	Eigersund	200 000
11-25-0050	Interkommunalt samarbeid om beredskap	Gjesdal	1 430 000
11-25-0065	Tidleg rekruttering til arbeidslivet	Gjesdal	1 000 000
11-25-0074	Moglegheitsstudie – samarbeid for eit styrkt og meir effektivt brann- og redningsvesen i Rogaland	Haugesund	1 600 000
11-25-0015	"Foreldrebroen"- styrkt skule-heim-samarbeid for fleirspråklege familiar i Haugesund kommune	Haugesund	800 000
11-25-0070	Samlokalisering av helse- og omsorgstenester – Kompetanse, medverknad og framtidsretta organisering	Hjelmeland	800 000
11-25-0016	Interkommunal fagsjef beredskap Ryfylkekommunane	Hjelmeland	900 000
11-25-0056	Interkommunalt samarbeid om tenester til flyktningar	Karmøy	1 700 000
11-25-0004	Frivillige og pårørande i eldreomsorga	Randaberg	2 000 000
11-25-0027	Heilskaplege tenester på natt	Sandnes	1 000 000
11-25-0047	Klimarisiko, klimatilpassing og samfunnstryggleik i arealplanlegging	Sandnes	2 000 000
11-25-0068	Omstilling oppvekst	Sokndal	300 000
11-25-0073	Fleirkulturell kommunikasjon – styrkje beredskapskommunikasjon til innvandrarbefolkninga	Stavanger	400 000



11-25-0035	SAMSIM 3 – Framtidas praksisopplæring	Stavanger	970 000
11-25-0013	Hjernevennleg skule	Stavanger	1 000 000
11-25-0075	Utviklingsnettverk for berekraftig omstilling	Time	300 000
11-25-0066	Utvikla, pilotera og implementera ein modell for bruk av AKS-sjukepleiarar i sjukeheimar i Tysvær kommune	Tysvær	1 600 000
SUM			18 000 000

Midlane vil bli utbetalt som ein del av 1. terminutbetaling av rammeoverføringa.

Om prosjekta fordelt etter kommune

Eigersund

Utrede moglegheiter for kadaverhandtering ved Svaatheia avfall A/S – Målet med prosjektet er å avklara behovet for eit felles deponi for Eigersund og omkringliggjande kommunar, for å isolera smitteutbrot blant dyr.

Gjesdal

Interkommunalt samarbeid om beredskap – I samarbeid med Hå, Klepp og Time kommune. Målet er å samla ressursane i kommunane, dela erfaringar og kompetanse mellom kommunane. Vidare er målet å bli meir kostnadseffektiv.

Tidleg rekruttering til arbeidslivet – Målet er å styrke bemanninga under hentetid i barnehagen. Kommunen utvidar førre prosjektperiode med å inkludera bemanning i helse og omsorg. Målet er å rekruttera ungdom til barnehagar, SFO-ar, sjukeheimar, dagsenter og bustader etter skuletid. Tilskotet skal brukast til å utvida prosjektet med å inkludera helse og omsorg.

Haugesund

Moglegheitsstudie – samarbeid for eit styrkt og meir effektivt brann- og redningsvesen i Rogaland – 22 av 23 kommunar frå Rogaland er med i samarbeidet, saman med ei rekkje utvalgte kommunar frå Vestland. Studien skal klargjera moglegheitene for eit tettare samarbeid mellom brann- og redningsvesena i region Sør-Vest. Målet er å oppnå betre ressursutnytting, kostnadseffektivitet, stordriftsfordelar og ikkje minst robust og effektiv beredskap.

«Foreldrebroen» – styrkt skule-heim-samarbeid for fleirspråklege familiar i Haugesund kommune – Kommunen opplever ei auke i talet på fleirspråklege barn, der fleire av desse har eit lågt utdanningsnivå, og opplever fattigdom og kriminalitet. Målet er å auke foreldredeltakinga blant desse barna gjennom aktivt oppsøkje foreldra og gje dei eit kompetanseløft.

Hjelmeland

Samlokalisering av helse- og omsorgstenester – Kompetanse, medverknad og framtidsretta organisering – Det blir fleire eldre og færre yrkesaktive. Samtidig blir det vanskelegare å rekruttera og halda på kvalifisert helsepersonell. Målet er å utvikla eit felles helsekvarter og aldersvennlege bustader for å samlokalisera helse- og omsorgstenestene.

Interkommunal fagsjef beredskap Ryfylkekommunane – I samarbeid med Sauda, Strand og Suldal kommune. Ryfylkekommunane har små og sårbare beredskapsmiljø. Målet med prosjektet er å



etablera ein felles fagressurs, standardisera metodikk og malverk, gje ein heilskapleg ROS og ei overordna beredskapsplan.

Karmøy

Interkommunalt samarbeid om tenester til flyktningar – I samarbeid med Haugesund og Tysvær kommune. Kommunen vil inngå samarbeid med nabokommunar om korleis ein best kan organisera busetjing av flyktningar og andre tenester. Prosjektet skal greia ut kva tenester som eignar seg for felles organisering, og utvikla ein strategi og plan for interkommunalt samarbeid innan januar 2027.

Randaberg

Frivillige og pårørande i eldreomsorga – I samarbeid med Time kommune. Det blir fleire eldre og færre arbeidsføre. Kommunen ønskjer meir frivillig innsats frå pårørande for pasientar på sjukeheimar. Målet er å gje ei gjensidig forståing av kva ein forventar av tenestene, og auke deltakinga i omsorga for pasienten.

Sandnes

Heilskaplege tenester på natt – Det er lite praksis for å arbeide på tvers av verksemdene for nattevakter, slik at det er mangel på kompetent personell på nattevakt. Målet er å ta i bruk meir digitalt tilsyn og ambulerande tenester på tvers av verksemdene.

Klimarisiko, klimatilpassing og samfunnstryggleik i arealplanlegging – Kommunen kan bli utsett for samansette flomhendingar, der fleire flomtypar skjer samtidig og kan gje uante skadar på kritisk infrastruktur og bygningar. Mangel på eit heilskapleg risikobilete gjer det vanskeleg å planleggja robuste løysingar. Målet er å auke kunnskapsgrunnlaget og styrkje kommunen si flomtilpassing av Sandnes sentrum.

Sokndal

Omstilling oppvekst – Talet på elevar på skulen går ned. Det fører til overskotsareal. Målet er å bruke overskotsarealet til sambruk, møteplassar og tenester. Målet er òg å styrkje ungdomsmiljøet og inkludering.

Stavanger

Fleirkulturell kommunikasjon – styrkje beredskapskommunikasjon til innvandrarbefolkninga – Kommunen opplever at innvandrarbefolkninga i liten grad oppsøker eller er til stades i kommunen sine eigne informasjonskanalar, særleg i beredskapssituasjonar. Prosjektet skal bidra til at kommunen når betre ut med kritisk informasjon til innvandrarbefolkninga i beredskapssituasjonar.

SAMSIM 3 – Framtidas praksisopplæring – I samarbeid med Sandnes kommune. Helse- og omsorgstenester blir meir komplekse, og studentar får for lite praktisk øving utan å vere i drift. Det fører til ein krevjande overgang til arbeidslivet. Målet er å utvikla ein ny simulering av reelle arbeidsoppgåver i praksisopplæring i helse og omsorg, som føregår under kontrollerte forhold. Dette er tenkt å vere ein fast del av praksisopplæringa.

Hjernevennleg skule – Det er utfordringar med mistrivsel på skulen grunna skulerelatert stress og auka helseplager. Målet er å førebyggja psykisk uhelse blant skuleelevar ved å auke kunnskapen om barnehjernen og hjelpa til å leggja opp skulekvardagen.



Time

Utviklingsnettverk for berekraftig omstilling – I samarbeid med andre kommunar i Rogaland som deltek i KS sitt «Utviklingsnettverk for berekraftig omstilling», der også enkelte kommunar frå Vestland er med. Utviklingsnettverket har som mål å bidra til at dei deltakande kommunane får styrkt politisk og administrativt leiarskap, styrkt rolla som arbeidsgjevar, og ei felles forståing mellom folkevalde, administrasjon, lokalsamfunn og partane i arbeidslivet, med meir. Tilskotet skal gå vidare til nettverket.

Tysvær

Utvikla, pilotera og implementera ein modell for bruk av AKS-sjukepleiarar i sjukeheimar i Tysvær kommune – I samarbeid med Haugesund kommune. Det er vanskeleg å rekruttera helsepersonell med høgskuleutdanning. Målet er å testa ut og implementera ulike løysingar for å nytte AKS-sjukepleiarar i eksisterande drift i våre sjukeheimar.

Meir om tildelinga

Tilskot frå Statsforvaltaren skal ikkje gå til vanleg drift. Dersom eit prosjekt ikkje blir gjennomført som planlagt, og kommunen ikkje har brukt det tildelte tilskotet, skal kommunen rapportera om dette og betala tilbake tilskotet. Dersom prosjektet skulle bli utsett, kan kommunen kontakta Statsforvaltaren i Prosjektskjønn-portalen og be om å overføra tilskotet til året etter (krev innlogging): <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no/>

Ei viktig føresetnad for å ta imot skjønnsstilskot til innovasjon og utvikling er at resultata frå prosjekta blir delte med andre kommunar. Statsforvaltaren oppmodar kommunar til å kontakta kvarandre og dela erfaringar undervegs. Prosjektrapportar frå tidlegare år finn lesaren på Statsforvaltaren sin Prosjektskjønn-portal: <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no/offentlig>

Fristar for rapportering

For å sikra overføringsverdi skal prosjekta som er tildelt tilskot for 2026 avleggja ei rapport, og fristen for å rapportera resultata er 1. mars 2027. Denne fristen gjeld òg for pågåande prosjekt som fekk tildelt tilskot tidlegare år.

Avslutta prosjekt skal levera ei endeleg rapport. Den skal innehalde følgjande:

- nådde prosjektet si målsetjing?
- erfaringar
- gevinstrealisering
- oppfølging i ordinær drift
- eiga prosjektrapport og -rekneskap

For prosjekt som fekk tildelt tilskot for 2025 og tidlegare, opnar me for rapportering den 6. januar 2026, med frist for rapportering 1. mars 2026.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Monica Nessa
avdelingsdirektør



Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Postboks 40	4096	Randaberg
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen